



Voss herad

VOSA⁺ BARNEHAGEN

EIN GOD START FOR ALLE



Tilstandsrapport for barnehage i Voss herad – 2024

Føremål med tilstandsrapporten

- Tilstandsrapport for barnehage er ikkje lovpålagt, men rådmannen ønskjer at det blir lagt fram ein årleg tilstandsrapport for barnehage
- Informera om arbeidet som vert gjort for å sikra kvalitet for alle barn i vossabarnehagen
- Tilstandsrapporten vil gje nyttig oversikt og status på arbeidet, og vera eit godt verktøy for å ta gode val for utvikling av vossabarnehagen framover
- Tilstandsrapporten vil vera eit nyttig verktøy i arbeidet med oppfølging av både nasjonalt og lokalt planverk




Kva lukkast me med i vossabarnehagane?

- Foreldre er nøgde med barnehage og seier at barna deira trivst, har vene og har god relasjon til dei vaksne. Barna får òg god språkutvikling, sosial utvikling, utvikla lærelyst og nysjerrighet i barnehagane våre. (Foreldreundersøkinga 2021 og 2023)
- Felles satsingsområde i barnehagane
- Godt samarbeidsklima i styrargruppa og mellom barnehagane
- Tett samarbeid mellom oppvekst og styrarane
- Nettverk for ulike arbeidsgrupper
- Tidlig innsats, oppdaga barn med individuelle behov
- Kompetanseheving



Utfordringar - bemanning

- Pedagogar
- Barne- og ungdomsarbeidrar/assistentar
- Manglande vikarar
- Rekruttering
- Auke i tal dispensasjonar



Kvalitet i barnehagane



- Barnehagen er den viktigaste førebyggande arenaen i mange barn sitt liv
- Dei tilsette sin kompetanse er av avgjerande tyding for barn si psykiske, fysiske, kognitive og sosiale utvikling, gjennom måten dei gjev omsorg og korleis dei skapar trygge og gode lærings- og utviklingsmoglegheiter
- Barnehagen i seg sjølv er tidleg innsats. Ein god barnehage, med god kompetanse og gode rammevilkår, er ei investering for heile livsløpet
- For å oppretthalda og vidareutvikla kvaliteten i vossabarnehagane, må me jobba nasjonalt og lokalt med rekruttering av nok tilsette, barnehagelærarar, fagarbeidrarar og assistentar til alle barnehagane
- Dette blir særskilt viktig for å kunna halda på det barnehagetilbodet og den barnehagestrukturen me har i dag